# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - September 2022 56. årg.



## Teknikarkompaniet sit bak og løftar ting fram

side 10






Frivillig arbeid side 4
Det starta med at ... side 6
Hausttakkefest side 8
Nytt orgel i Time kjyrkje side 12

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon TIme og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079

**Time**
Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102
Sokneràdsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198
Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf 958 35 364
Kyrkjetenar ved gravferd:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Lye forsamlingshus**
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

**Bryne**
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Administrasjonleiar:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:
Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Sokneràdsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825

**Undheim**
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Sokneràdsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no


## Hvorfor går jeg til gudstjeneste?

Velkommen! «Kyrkjevert» står det på skiltet til den som smiler til meg og ønsker velkommen inn i Bryne kirke. Jeg og mange andre, vi går inn og finner oss en plass, gjerne den vante plassen. Vi hører sammen, vi som setter oss ned. Vi ser kjente og ukjente personer rundt oss, og vi tenker kanskje at i dag savner vi noen. Uansett er vi sammen om det som skal skje. Så starter preludiet, og organisten setter stemningen for gudstjenesten. Utrolig hvor mye flott musikk det er skrevet for orgel! Eller for piano, det blir jo noen ganger brukt. Musikken gir næring til følelsene og den bruser sterkt eller lister seg fram. Den understreker og bærer salmetekstene, og binder hele gudstjenesten sammen. Så starter liturgien. Velkjente ord, slitesterke ord som hjelper oss å uttrykke troens og livets mange sider. Syndsbekjennelse, nådetilsagn, lovsang. Enten jeg er helt med, eller er litt «bortreist» der jeg sitter, bæres jeg fram gjennom liturgien. Kan legge mine tanker inn i velkjente formuleringer. Presten, klokkeren og organisten har forberedt seg, kan dette, og leder oss gjennom gudstjenesten. Og lydanlegg og skjermer gjør at vi henger med. Vi blir møtt av mange tekster og ord. Prekenen først og fremst, men også ferdig formulerte bønner, tekster fra bibelen og salmer. Som oftest med temmelig fortettet innhold. Noen ganger er det litt i overkant, jeg får ikke med meg alt. Men alltid er det noe viktig. Jeg får trøst eller noe å glede meg over, jeg får oppmuntringer og utfordringer for både tanke og liv.



Fellesskapet oppleves på mange måter. Vi synger sammen, gamle og unge stemmer, sterke og svake stemmer, sammen blir vi et kor. Vi uttrykker glede og sorg, tro og tvil, lovsang og bønn gjennom både salmene og de liturgiske leddene vi synger. Når nattverdbordet er dekket, går vi fram sammen, kneler sammen og får utdelt brød og vin sammen. Til slutt får vi alle høre «Gå i fred og tjen Herren med glede». Så går vi rolig bakover i kirkerommet, og får slå av en prat med noen av de andre kirkegjengerne. Ofte rundt kirkekaffen, men også i utgangen.

Så hvorfor går jeg til gudstjeneste? Fordi Gud møter meg der. Fordi jeg alltid får noe med meg. Noen ganger lite, noen ganger mye, men alltid noe. Opplevelser, tanker, kunnskap, fellesskap. Og næring for min tro. Så når noe kommer i veien søndag formiddag, føler jeg at jeg går glipp av noe.

Ivar Johannessen

Teknikarkompaniet. Foto: privat

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Gunnar Bjorland Stone, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 8. november.

KOR STORT, MIN GUD

*T Jesper Krogedal*
*M Oskar Stakkeland*

Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera,
og leva i di frie nådepakt!
/: Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,
men bare kvila i det du har sagt. :/

Eg bed deg: Lei du meg i gjennom verda,
eg er så veik og er i framandt land!
/: Det mange var som gjekk seg vill på ferda
og sleppte taket i di frelsarhand. :/

Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda,
det har du lova i ditt eige ord.
/: Du visste alt om meg før du meg kalla,
og gav meg plass ved nådens rike bord. :/

Lat meg få sjå på deg når synda dårar,
lat meg som barn ditt faderauga sjå!
/: Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar
eg ved din nåde skal til himlen nå. :/

**Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera.**

Marit er med i NMS - forening som har møte på Fotland bedehus. Den som har ansvar for kaffi skal òg finna songar for kvelden. Det var i denne samanheng Marit fann «Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera». Songen vert ofte brukt på misjonsmøta.
Marit har hatt eit langt og innhaldsrikt liv. For tre år sidan vart ho også oldemor. Det har vore mange gode dagar med omsorgsarbeid vevd inn i livet. Men dagar kom då ho også møtte sorga. Det å få vera Guds barn oppi alt har gitt henne mot og tryggleik til å gå vidare.

Marit Lende




# Miljø, møteplass og misjon

## NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

## Vi tar imot og sel:
Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.
**Nytt: Vi tek imot og sel klede**

**Opningstider:**
måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151

## FRETEX butikk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

## Vi tar imot og sel:
Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.
Telefon 922 09 638

**Opningstider:**
måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00

## Heidi Bøe Honningsvåg



Å bidra i frivillig arbeid har gitt meg mye gjennom mange år. Deltakelse i frivillig arbeid er viktig for å bygge gode og trygge lokalsamfunn, enten det gjelder barne- og ungdomsarbeid, eller det gjelder annet ideelt arbeid for en god sak. Frivillig arbeid kan også bidra til å bygge bedre lokalsamfunn langt fra vårt eget. I samfunn preget av nød og ufred skal det ofte ikke så mye til for å gjøre en stor forskjell. I en tid der det ser ut til at dugnadsånden og frivillig arbeid er på vikende front, er det viktig at vi fremsnakker hvor viktig dette er. Den dagen vi bare kan kjøpe oss ut, har vi mistet mye, for oss selv og for samfunnet. Frivilligheten gir mye tilbake. Min oppfordring er: bli med, engasjer deg – for din egen del og for å gjøre en forskjell i samfunnet.

Jeg har selv vært mest aktiv i aldersbestemt idrett, først og fremst håndball og fotball, og i skolekorps. Dette har vist meg noe av bredden i det frivillige arbeidet. Å ha et bredt tilbud til barn og unge er veldig viktig. Alle kan ikke bli toppscorer eller mester på klarinetten. Ved å legge til rette for mange slags aktiviteter bidrar vi til at alle kan finne en aktivitet eller et fellesskap som oppleves inkluderende, og hvor en kan oppleve mestring.
Det å bygge nye og utviklende nettverk er en viktig del av frivilligheten. Jeg selv har fått delta i fellesskap som jeg ellers ikke naturlig hadde blitt en del av. Gjennom frivillig arbeid kan vi legge til rette for at barn og unge får ta del i aktiviteter utenom skole og vennegjeng.

Innen skolekorps-bevegelsen kommer dette til uttrykk på en fin måte ved at musikantene knytter vennskap på tvers av årskull. En aspirant som gjør sin debut i kornett-rekka i hovedkorpset kan godt havne ved siden av en som har gått i korpset i mange år. Denne kontakten på tvers av alder har jeg opplevd som svært positiv.
Det å sitte på sidelinja, trenerbenken på håndballen eller på første rad i en korpskonkurranse, og oppleve idrettsgleden og mestringsfølelsen til spillerne og musikantene på nært hold, er opplevelser jeg skulle ønske enda flere kunne få oppleve.




VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
**kirkens-sos.no**

Å snakke med folk om livet gir meining.



## Hilmar Røthing

1. Frivillig arbeid kan være så mye. Foreldre som trenere for ungene sine fotball- eller håndball-lag, speiderledere, hjelpere i fritidsklubber, besøksvenner og svært mye annet viktig arbeid for at samfunnet vårt skal fungere best mulig for flest mulig. Der det offentlige ikke strekker til overfor hjelpetrengende, er det heldigvis mange frivillige som legger ned timer og dagers arbeid for å hjelpe. Den siste tiden har vi for eksempel sett at det er mange som engasjerer seg i frivillig arbeid for mennesker på flukt fra krigen i Ukraina. En annen side ved det frivillige arbeidet kan være opplevelsen av å bety noe for andre. Pensjonister med overskudd av tid og krefter finner gjerne oppgaver i lag og foreninger der den sosiale siden er viktig både for hjelperen og for dem som blir hjulpet.

2. Som gammel lærer får jeg brukt noe av oppsamlet erfaring og kompetanse på «Leksehjelpen» til Røde Kors. Dit kommer det for det meste voksne elever fra Kompetansesenteret på Bryne for å få orden på både faglige og språklige utfordringer. Det er meningsfylt, og jeg blir glad over å møte mennesker som gjerne vil lære mer for å klare seg i det nye landet de er kommet til.

## Trond Heskestad



1. Er glad for at det er blitt fokus på dette nå i Frivillighetens år 2022. Frivillighet bærer svært mye av arbeidet i lag, organisasjoner, idrett, kultur og trosfellesskap. Hvordan hadde det vært i våre kirkesamfunn om arbeidet kun skulle drives av prester og de andre ansatte? Dugnadsånden er heldigvis fortsatt levende på Jæren, men det er viktig at byrdene fordeles og at vi ikke gjør oss avhengige av "Tordenskjolds soldater", de som alltid er positive og stiller opp. En stor takk til disse! Økonomiske midler er også viktig for å drive frivillig arbeid. Deltakelse i giverteneste er godt bidrag til frivilligheten. Bibelens anbefaling om 10% kan være et mål!
2. Selv er jeg engasjert som leder av dugnadsgjengen på Lye Forsamlingshus, der vi sørger for vedlikehold og oppgradering av eiendommen.
Er med som medhjelper i NMS Gjenbruk på Bryne, der vi henter og bringer varer, hovedsakelig møbler. Er nylig valgt inn som leder for Veilaget i Sirdal, primært en administrativ oppgave. Er med i giverteneste der faste beløp hver måned overføres til virksomhet jeg støtter.

## Brit Jorunn Oma



Brit Jorunn har lenge vore medlem i Time Sanitetsforening og Time Bygdekvinnelag. Ho var meir aktiv i desse gruppene før. Ho har alltid drive på med blomar og hage. Å pynta, det å laga det fint rundt seg, har vore noko ho har likt.

Som medlem av Bygdekvinnelaget hadde ho og nokre andre i mange år ansvar for pynting til kulturprisutdelinga i Storstova. Då var det naturleg å bruka mest mogeleg av det som var å finna ute i naturen på den tida av året.

Bygdekvinnelaget har hatt ansvar for blomar på altaret og kyrkjekaffi i Time kyrkje, både jul, nyttår, påske og pinse. Elles har dei hatt ansvar for pynting av heile kyrkja kvart år til hausttakke-gudstenesta. Slik har det vore i lange tider.
I tillegg har ho vore med ca. 10 år på NMS Gjenbruk på Bryne.

Brit Jorunn seier det er givande å vera med i frivillig arbeid. Det er gildt å koma ut, møta folk, og gjera ting i lag. Det er òg viktig for samfunnet at ein yter noko.

# DET STARTA MED AT NOKON SÅG MEG ...

Frivillig arbeid er ein viktig og tradisjonsrik del av det norske samfunnet, og regjeringa har bestemt at 2022 skal vera “Frivillighetens år” - som ei påskjøning for alt frivillig arbeid. Mållaget sakna at regjeringa ikkje fann eit tilsvarande nynorsk ord for dette, og kallar det gjerne Frivillig-året. Kort og greitt!

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

**Aktuell:**
Randi Listøl Thu, frivillig i søndagsskulen i omlag 40 år.

Helgedagen får møta Randi i Bryne kyrkje, ein naturleg stad for samtalen, sidan ho har vore med her dei siste åra.

**Korleis begynte det frivillige arbeidet for deg?**

- Det starta med at nokon såg meg - og spurde om eg ville hjelpa til. Det var eit søskenbarn i Gand kyrkjelyd som var med i barnearbeid, og ho fekk meg med. Trur det var første året etter gymnaset. Randi meiner det er så viktig å spørja, at det er nokon som ser, for mange vågar seg ikkje fram elles.

**Bakgrunn**

Randi er bioingeniør, og har jobba mange år i Blodbanken. Utdanninga tok ho i Drammen. Ho og mannen busette seg på Bryne i 1982. Randi seier med ein smil at du treng ikkje vera lærar for å vera søndagsskulelærar!

**Kor starta søndagsskulearbeidet?**

Det starta med eit år på Sandnes, og så eit år i Drammen. Seinare vart det fleire år på Bryne. Då barn nummer 2 var om lag to år, begynte Randi som søndagsskulelærar på Saron/yrkesskulen, der dei på den tida hadde mange grupper. Der var ho med fleire år.
Trollongane barnehage (privat, seinare kommunal barnehage) opna dørene for søndagsskulen på søndagar, og der var òg Randi med nokre år. Dei siste åra har Randi vore med i Jungelgjengen, som er søndagsskulen i Bryne kyrkje.

**Kvifor har du stått på med dette arbeidet?**

-Som kristen vil eg gjera noko for Jesus, og det er så fint når du kjenner at ungane er med, og du får gje dei det beste!



**Korleis har du halde ut i så mange år?**

- Det er så kjekt å vera med! Godt samarbeid med gode medarbeidarar! Randi skryter òg over mykje godt materiell frå Søndagsskolen Norge. Dei gjev mange gode idéar til leiarane. Flanellografen har vel hatt si glanstid, men er ikkje heilt borte. Randi har hatt med gitaren sin, men fann ut at det vart vanskeleg å kombinera når det etter kvart skulle vera mange kroppslege aktivitetar til songane!

**Har borna forandra seg i desse 40 åra?**

Aktivitetane har forandra seg, men borna må fengjast, nå som då. Men borna får meir bruka alle sansane i dag til å forstå tekstane. Formidlinga må skje på borna sine premissar. - Me må hugsa på at borna er fullverdige Guds born nå, det er ikkje noko dei først skal bli når dei blir vaksne.

Randi har mange gode minne frå søndagsskulen, kjekke ungar og kjekke, positive foreldre som gjerne hjelper til. Ho fortel at det gjerne kom born frå fleire ikkje-kristne heimar den tida dei var i Trollongane barnehage, meir nøytral grunn der. Når søndagsskulen er under gudstenesta i Bryne kyrkje, er terskelen gjerne litt høgare. Men på dåpsgudstenestene er det mange som vil vera med.

"Inspirasjonen for Randi har heile tida vore at det har vore så gildt å få vera med på å gje borna det viktigaste: Guds ord.- Det er viktig å så!"



# HAUSTTAKKEFEST

Slik ber me i - Vår Far i himmelen. Men kor ofte er me takknemlege for det daglege brødet, eller engstelege for at maten me treng ikkje er på plass? Tek me vårt daglege brød som sjølvsagt?

TEKST: ELSE-MARIE BUE

I Den norske kyrkja har Hausttakkefesten vore markert frå år 1899. Rundt om i verda elles har denne feiringa mange og lengre tradisjonar, særleg i Amerika og Canada. Kan nemna at då dei første immigrantane sleit i Amerika, var det viktig å koma saman for å støtta kvarandre og takka Gud for årets avling. Der kan feiringa sporast alt i år 1621. I dagens USA er Thanksgiving nasjonal fridag, med påfylgjande stor og samlande fest, gjerne over fleire dagar. Det kristne innhaldet er blitt meir og meir borte. Feiringa er nå for absolutt alle, og synest i dag viktigare enn dei store kristne høgtidene.

Denne hausten fylgjer verda spent med på om nok korn i tide kan bli frakta ut frå Ukraina til alle som er avhengige av dette store matkammeret. Mange land fryktar matmangel. Og prognosar for talet på born som er truga av svolt og død dukkar stadig opp i nyheitene.



Foto: Vegard Hanssen



Foto: Vegard Hanssen

Men heim til eiga stove. Bakteppet for oss som bur her me bur er veldrivne gardar som i år har hatt sol og regn som bestilt. Haustvinna har gått sin gang, og i kyrkjene er hausttakkefesten på programmet. Hausttakkefest? Kva legg me i det ordet? - At takken vert feira i gudstenestene er vel svaret på det. Hausttakkefesten har nå som før eit kristent innhald. Kyrkjene er kvart år fint pynta til denne dagen. Bygdekvinne- og Bondelaget står for det med grøde frå hagar og åkrar. Og offeret denne søndagen går til Rogalandsgarden i Kamerun - Sambolaboprosjektet. - - - nå må eg bla i minneboka - - -

* * *

Det er vår 1962 på heilt andre breiddegrader, og start på regntida etter seks månader med tørke på savannen i Kamerun. Den første traktoren, gåve frå Rogaland, vert lossa på misjonsstasjonen i Tibati med landsbyfolket som tilskodarar. Dei hadde ikkje ord i språket sitt for traktor, men det kom fort på plass då dei opplevde uhyret i drift: gaduru -- som betyr villsvin. Nykomlingen med plog eller harv på slep rota i jorda som villsvina. Rogalandsgarden i Kamerun vart i åra framover eit samlande prosjekt for Bonde- og Bygdekvinnelaga i Rogaland. Og, til ettertanke: Dette skjedde fleire år før Utviklingshjelp var eit begrep i det politiske Norge.

I heftet ROGALANDSGARDEN - 50 ÅR ETTER, frå 2012, les me om ei utruleg utvikling av dette prosjektet ned gjennom åra: jordbruksutstyr frå fabrikkar på Jæren, vatningsanlegg frå Klepp kommune (modell for at dyrking var mogeleg gjennom halvåret med total tørke på savannen), og norske fagfolk på plass gjennom mange, mange år. Kort sagt: UTVIKLING med landbruksskular, brubygging, brønnboring, vegar, osv. Landsbyutvikling er stikkordet i dag. Det som starta blant bønder i Rogaland via Det Norske Misjonsselskap, er nå ein naturleg og veldig viktig del av arbeidet til den Den Evangeliske Lutherske kyrkja i Kamerun, - Église Évangelique Luthérienne au Cameroun. Om Bygdekvinnelaga står det bl.a. - Dei har hatt kontakt med dei mange sokneråda nærast i heile fylket og fått tildelt årlege offer under gudstenester, noko som starta for fullt rundt 1984. - Fram til 2012 syner dette rekneskapet 2.9 millonar kroner. Bygdekvinnene har kombinert denne innsamlinga med å pynta kyrkjene til hausttakkefesten med ein vakker presentasjon av årets grøde.-

I Helgedagen no. 5, 2007, les me overskrifta - Pyntar til hausttakkefesten, og ser biletet av fem spreke damer. Femten år etter, me skriv 2022, og som dei førre åra vert kyrkjene igjen pynta til takk! Med den uhyggelege situasjonen me har levd i den siste tida, korona og krig i Europa, vert det ekstra stort å feira hausttakkefest i år. I fedrelandet Norge, med orden, fred og frivilligheit, får me samlast i kyrkja med glede og takk for grøda dette året.



Brønn i Mbamti - glade born hentar vatn frå brønn for første gong. Foto: Ole Eriksen

# TEKNIKARKOMPANIET SIT BAK OG LØFTAR TING FRAM

Teknikargruppa i Bryne kyrkje tel ca 10 ungdommar. Jenter og gutar får god opplæring i å styra lyd, lys og bilete og gjer samstundes ein viktig jobb i kyrkjelyden. Dei er i aktivitet på Familiefokus (FF) og på Kveldsgudstenester.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD
FOTO: PRIVAT

Helgedagen møter 4 sprudlande ungdommar og 2 leiarar: Mina Undheim, Johannes Hetland, Anne Haukland og Lean Undheim, Hans Tore Hetland og Runar Undheim.

**Kor ofte treffest de?**
-Det er felles samling ca. ein gong i semesteret. På teknikarmøte øver me teknikk. Får gjerne litt opplæring før FF. FF gir oss god trening i å bruka utstyret me har.

**Andre vaksne leiarar:** Kristian Brenden, Jens Olav Hetland og Jostein Tollaksen.

Teknikargruppa starta opp for 3-4 år sidan. I starten filma me med I-pad og mobiltelefon. Frå våren 2019 lånte me utstyr, lærte nye ting og sidan har me stadig utvikla oss.

**Sponsorar**
Jostein fortel at kyrkjelyden seinare har fått god pengestøtte frå Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå på 100.000 kr - som er brukt til teknisk utstyr. Bispedømmerådet gav 30.000 kr i samband med streaming av gudstenester under corona. Bryne sokneråd dekka restbeløpet.

**Kvifor Teknikarkompaniet?**
-Eg synest det er spanande med tekniske" dubedittar". Eg kan mykje om dette, og eg har lært mykje i gruppa, seier ein av gutane. Ein annan av gutane synest det er fint å kunna visa ting på skjermar, for då kan småungar og få sjå. -Når me streamer, kan dei som ikkje kan koma til kyrkja og få sjå, legg han til.
-Eg kjenner folk som er her og dei har drege meg inn, kjekt å filma dei som er i kyrkja, forklarer ei av jentene. Ei anna jente seier at det er lærerikt å vera med, og ho ser at ho kan bruka det ho lærer andre plassar.

**Teknikarkompaniet sine oppgåver**
**Filming** av det som skjer på gudstenesta, zooma, justera fokus og skarphet, flytta når t.d. person flyttar seg eller noko anna skjer. Det er to manuelle kamera som vert styrte av ein, evt. to, som deler på det. Personen som styrer fjernkontrollen bak, kan


Teknikarkompaniet - Mina Undheim, Lean Undheim, Johannes Hetland og Anne Haukland

kommunisera med dei som styrer dei manuelle kameraa. Tre fjernstyrte kamera vert styrte frå pulten bak. Kamera på galleriet blir som regel ikkje styrt, men vert stilt inn for å gje eit oversiktsbilete.

**Lyd** - må sjekka mikrofonane - at det passeleg lydstyrke, passa på at rett mikrofon er på til rett tid. Kan og endra klangen ved behov.
**Lys** - kan bruka lyslenker langs veggene. Det er mange fargar å velja mellom. Farge vert som regel bestemt før gudstenesta startar. Lys kan flyttast dersom noko spesielt skal ha fokus, og me kan òg nytta blinke-effekt!

**Teksting** på pc - her styrer me songtekst, bøner, bilete m.m

**Bilete-/video-miksa**r – personen som styrer biletmiksaren vel kva bilete/film som skal visast. Denne personen prøver òg å vera i forkant av kjøreplanen og gi beskjed over headset til dei som styrer kamera dersom det er ting dei skal gjera seg klare til. Ofte er det denne personen som styrer dei fjernstyrte kameraa, men av og til har me ein eigen person til dette.

Bilete-/videomiksar har det veldig travelt - må følgja med på at bileta er gode, må endre bileta, få inn fleire vinklar, elles kan det bli kjedeleg.

**Hans Tore og Runar - kven har de lært av?**
-Me har lært av Jostein. Han har hatt leiarsamlingar saman med oss.

**Dei unge er viktige**
-For Familiefokus er denne gruppa svært viktig fordi dei eldste vert aktiviserte. Viktig at dei har ei meiningsfull oppgåve for at me skal få dei med oss vidare. Desse unge er òg gode rollemodellar for dei yngre, seier Runar tilslutt.
Helgedagen er imponert over det dei unge viste og fortalde - så kunnskapsrike og engasjerte! Når slike flinke, ivrige ungdommar styrer "spakane", treng me ikkje vera redde for at me skal gå glipp av det som skjer i kyrkja - sjølv om me skulle bli både tunghøyrde og svaksynte! Lykke til vidare til Teknikarkompaniet!





Johannes er klar for oppdrag



Elias og Lean har kontroll

# NYTT ORGEL I TIME KYRKJE

**Nokre fakta:**
Me har fått 100 000 i støtte frå Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå. Det er me veldig takksame for.

Orgelet er av type: Viscount Sonus 70 DLX. Det har tre manualar og mange stemmer og funksjonar! Du kan velja om du vil ha klangen til eit moderne, barokk, romantisk eller symfonisk orgel.

Prisen på orgelet er litt over kr. 160 000. Eventuelt eksternt lydanlegg kjem i tillegg.

Kvifor me har fått nytt orgel:
Det gamle orgelet har nokre stemmer som fungerer, men det er ein god del som ikkje kling godt, så me står igjen med få stemmer å velja mellom. Nå går me over til eit digitalt orgel som har flott og variert lyd. Det er programmerbart, så det er lett å bytta registrering medan ein spelar. Orgelet vil vera mykje meir stabilt, og det treng ikkje vedlikehald.

Både Per Olav og eg  gler oss til å ta orgelet i bruk. Det er ein del å setja seg inn i!

Orgelet vart brukt første gong 22. juli i ei gravferd. Første gudsteneste var 14.08.22.

*Frode Skårland*
*kyrkjelydsmusikar Time sokn*



Frå venstre Frode Skårland, Willy Finnbakk, Per Olav Egeland, Håvard Braut og Yngvar Nilsen

## Bøneboka nr. 3

*JEG KAN TENNE ET LYS*
*Om jeg kan be,*
*vet jeg ikkje.*
*Om jeg kan*
*lovsynge.*
*Om jeg kan tro…*
*Tro?*

*Men jeg kan tenne*
*et lys.*
*Det blir min bønn,*
*min tause bønn.*

*Lars Åke Lundberg (1935 - 2020)*
*O. Gerd Grønvold Saue (1930- juni 2022)*




# STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE MARIE BUE
NOS NR. 893




Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.

**Jeg er en seiler på livets hav**

Nyleg var eg i ei gravferd. Avdøde hadde gjennom sjukdomsperioden sjølv førebudd alt i detalj. Me song 'Jeg er en seiler på livets hav'. Salmen har 6 vers. Me song det første og dei to siste. I kyrkja den dagen vart denne kjende teksten ekstra talande. Siste verset lyder slik:

*La ankret falle! Jeg er i hamn*
*I ly for brenningens vover!*
*Jeg kaster meg i min Frelsers famn,*
*Han som har hjulpet meg over.*
*Og kjente elskede stemmer kaller,*
*Mens ankret sakte og stille faller*
*I evigheten lyse land.*

Biletbruken gjennom salmen er så klar. Livsreisa vår er skildra som ei kontinuerleg båtreise *for medvinds bør,* men også
*ensom gjennom brått og brann,*
*i uværsnetter jeg seiler,*
*og intet fyrtårn jeg peiler.»*

I STEVNEMØTE MED SALMEBOKA gir Vidar Christensen oss desse opplysningane om forfattaren, Henry Albert Tandberg (1909-1959).

Henry Albert Tandberg ble offiser i Frelsesarméen bare 19 år gammel. Da han var 37 år gammel ble han lagt inn på sanatorium i ett år. Mens han var der brukte han tiden til å skrive sanger og dikt, blant annet førsteutkastet til «Jeg er en seiler på livets hav».

På sanatoriet var også frelsesoffiseren Ruth Øgrim pasient. Hun hadde kort tid igjen å leve. Nils-Peter Enstad skriver om det som skjedde videre: I 1909 sovnet hun stille inn. Under minnesamværet kastet høstsola noen øyeblikk en lysstråle inn gjennom vinduet, slik at det falt over kisten. Oberst Johan Øgrim, Ruth Øgrims far og leder i Frelsesarméen i Norge, lente seg mot Tandberg: Ser De lysstrålen?» hvisket han. Under inntrykkene fra den unge frelsesoffiserens sykdom, død og siste ferd fant 'Seilersangen' sin endelige form.»

Bilder av en sjøreise er gjennomført gjennom hele teksten, men lyset og sola er også bærende elementer i sangen.




## Frå kyrkje og bygd:

### Aksjonsveka

I mange kyrkjelyder på Jæren ser ein nå fram til aksjonsveka i tida 24. til 29. oktober med spaning og von. Det er kyrkjelydane i Høyland, Sandnes, Gand, Klepp, Time og Nærbø som vert med. Her i Ti me vert Tom Nicolaisen hovudta lar, Han er krinssekretær i Kristi ansand krins av N.M.S.
Det er mange i bygda som har gått inn i trufast bonetenesta for denne veka. Og der er viktigaste fø rebuinga. For utan bøn og Andens kraft vert det ikkje noko resultat. Det er einaste von idag at Guds ord kan få lyda klårt og slå gjennom til sann omvending og tru hos mange. Det er eit samlande mål for Guds folk. Og det må stå audmjukt saman om så sant det er frelsa for sjelene som er det største for oss. For her er me alle like hjelpelause. Her lyt mes sanna Jesu ord: "Utan meg kan de intenting gjera". Men lat oss i en ande samla bøn sjå fram med von om at Gud vil gjesta oss i haust.

### 27. september

har L.M.F, møte hos Ingeborg Ski bevaag kl. 19,30.

### Kallskap. Magne Gudvangen

vart fredag 25. august utnemnd til sokneprest i Vestnes prestegjeld, Ni daros bispedøme.
Huslyden Gudvangen kom hit til Time i februar 1969. Det vart så leis ikkje så lang tenestetida her, men han har nådd over mykje og lagt ned eit trufast og godt arbeid. For alt dette vil me seie han vår varmaste takk og likeeins til fru Gudvangen som tok så ivrig del i dei mange arbeidsgreiner i Guds rike.
Dei to eldste borna tok artium her i sumar og er for ei tid sidan reisȩ nordover til Trøndelag der dei er igang med si vidare utdaning. Dei har alle vunne seg mange vener som kjem til minnast dei.
Huslyden Gudvangen flytte alc første veka i september.
Me vil ynskja dei rik signing og lukka på den nye staden og vona dei der må få mange gode år.

### Time kallskapellani

er utlyst med søknadsfrist til 18. september.

### Vestly

Den årlege basaren for N.M.S, på Vest ly skulc vert den 19. september kl. 19,30. Tale av pastor Matre og sokneprest Bjel land. Mat. Trekning. Kakeutluting.
Ta med kopp.
Desse basarane har stort vore slike hyg gelege grende-samkomer. Me vonar det vert så denne gongen og og bed kvinner og menn mota godt fram.

# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

## Årshjulet til trusopp-læringa i kyrkjene våre.

### Dette vert borna inviterte til:

| | |
|---|---|
| **0 år** | Dåp og dåpssamtale |
| **0-1 år** | Babysong |
| **1 år** | Småbarnstrall, felles i Time kyrkje |
| **2 år** | Hausttakkefest med utdeling songkort, berre på Undheim |
| **2 år** | Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av songkort |
| **3 år** | Krøllekveld |
| **4 år** | 4 års klubb og utdeling av Barnebibel |
| **5 år** | Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje |
| **5 år** | Barnas påske og Orgelknappen |
| **5 år** | Adventsklubb |
| **1-6 år** | Barnemesse, felles i Bryne kyrkje<br>Barnefamiliar – Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje |

---

| | |
|---|---|
| **1. klasse** | Dåpsskule og Barnas påske |
| **2. klasse** | Pinsefart |
| **2. klasse** | Plan B - aktivitetsdag |
| **3. klasse** | Tårnagenthelg |
| **4. klasse** | På sporet av Jesus |
| **5. klasse** | Lys vaken |
| **9 -13 år** | 9:13 i Bryne kyrkje |
| **9. klasse** | Konfirmasjon |



## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Følg oss gjerne på:



https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim

Instagram – trusopplaeringa_time

**Babysong 0-1 år**
Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Me startar opp nye grupper i august/september.

**Time**
På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

**Undheim**
I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

**Bryne**
I Brynekyrkja har me babysong-kurs som går over 8 gonger.
Me møtest onsdagar kl 10.30 i kyrkjesalen.
Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/rirzfr

**Småbarnstrall 0-4 år**
Me startar opp med eit nytt song og musikk tilbod for 1-3 åringar denne hausten. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar som er tilpassa eit barn i 1-4 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me invitere alle

1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkja i lag med oss. Datoane for hausten er: 5. oktober, 8. november og 6. desember kl. 16.30 i Time kyrkje. Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/ifrdne



**4 års klubb og utdeling av barnebibel på Undheim og i Time**
På Undheim og i Time blir alle 4 åringar invitert til 4 årsklubb og utdeling av barnebibel. 4 årsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av 4 års-bibel i gudstenesta sundagen i etterkant av 4 årsklubb.
Tid og stad:
På Undheim vert det 4 årsklubb 16. og 23. november, og gudsteneste 18. november.
I Time vert det 4 årsklubb 22. og 29. november, og gudsteneste 4. desember. Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/pfnuxo



**Undretur 2 år**
Det året barnet vert 2 år får dei ein invitasjon til å koma på «Undretur i kyrkja». Me har ei lita songsamling, tenner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Så får me læra om korleis kyrkjeorgelet lager den fine musikken som blir spelt. Nytt for året er at alle får med seg kvar sin «songpose» heim. I posen ligg songkort med QR kode til musikk og film av kvar song. Desse er eigenproduserte av oss kyrkjelydspedagoger, og me gler oss masse til å få dela dei ut til alle 2 åringane som kjem. Tid og stad: Bryne kyrkje 18. okt, Time kyrkje 25. okt. og Undheim 26 okt. Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/iidmva



**Lys vaken – 5. klasse**
Alle som går på 5. trinn vert inviterte til Lys vaken i kyrkja. Dette året ønskjer me å invitera all 5. klassingar frå Undheim, Time og Bryne til ein Felles Lys vaken i Bryne kyrkja 22 og 23 oktober. Det blir pizzafest, leiker og moro, og så avsluttar me kvelden med nattkino med masse popkorn og snope-posar til alle. Me håper me blir ein stor gjeng som skal ha masse kjekt saman til seine kvelden på laurdag, og så delta på gudstenesta på søndagen i Bryne kyrkja.. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga! Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/kslmpz



**Barnemesse for 0-5 år**
28. september og 10. november kl. 17:00 i Bryne kyrkje. Dette er ein vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim. Me startar med pølsemiddag, og fortset med ein vandring i kyrkjerommet med bibeltekst, lystenning, song og nattverd, alt på borna sine premissar. Påmelding via QR kode eller link: https://pameldinger.no/e/saindj



**Plan-B - aktivitetsdag 2 klasse**
18. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl. 08.00-15.00. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.
Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut.

Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Frå 1. vgs. er dei også velkomne til PULS. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.

Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



**Bli trusopplæringsabonnent**

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

TRYGT HJEM SIDEN 1975

EIENDOMSMEGLER KROGSVEEN JÆREN

# Vurderer du å selge bolig?

Våre dyktige og lokalkjente meglere gir deg rådene du trenger for et raskt og lønnsomt salg. Vi kartlegger alle boligsøkere i markedet systematisk, og vet hvem som jakter på din type bolig. Det gjør det enklere å få flere folk på visning, flere budgivere og oppnå bedre pris. **Vurderer du å flytte?** Snakk med oss og finn ut hvor mange potensielle kjøpere vi har til din bolig akkurat nå.

**Krogsveen Jæren** Tlf: 51 97 19 74

Krogsveen

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD.

# RØSSLYNG

Kva er vakrare enn Høgjæren  kledt i purpurraud drakt? Det er verkeleg flott når røsslyngen lyser opp knausar og lynghei - til glede for alle dei som veit å setja pris på eit slikt syn. Dei som gler seg aller mest, er nok alle insekta som er opptekne av å samla inn nektar. Røsslyngblomane skil ut særs mykje nektar, og dette veit ikkje minst biene å setja pris på. Når røsslyngen kjem i blom, er birøktarane snare med å flytta bikubene til stader der det er mykje lyng. Lynghonningen vert av mange sett på som ekstra gjev. Den har litt mørkare farge og er spesielt aromatisk.
Før i tida var det mykje røsslyng også på Flatjæren. Dei såkalla kystlyngheiane er i dag blant dei mest truga naturtypane i Noreg. Dette har nok fleire årsaker, men attgroing og nydyrking er truleg dei viktigaste.
I botanikken blir røsslyng rekna som ein dvergbusk, og det er vanleg at han blir 20-30 år gamal. Røsslyng har blitt nytta som plantefarge og gir då ei gulfarge.



Er du heldig, kan du treffa på ein variant av røsslyng som har snøkvite blomar.

# HelgeKryssord 4/22

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Vassrett
1. Godt råd
10. Evne til å gjere arbeid
13. Finanskapital
15. Tid for å minnast gamle dagar
17. 100 m²
18. Eining
21. Ull
24. Elv
25. Kvalen
27. Edelstein
28. Moderne
29. Mannsnamn
30. Generalforsamling
31. Grinda
33. Flukt
35. Golfplugg
36. Mannsnamn
40. Nummer

Loddrett
1. Halde bøn
3. Tidsskjema for framdrift
4. Like bokstavar
5. By i Rogaland
6. Ta fyr
7. Trengsel (omv.)
8. Landstripe
9. Gi løfte
11. Tal
12. Fryse
14. Tunisia (landskode)
15. Kvinne som vitna om Jesu oppstode
16. Dyra
19. Andletsuttrykk
20. Utrop
22. Flott
23. Rovdyr
26. Inventar i kyrkja
27. Respekt
34. Sølv
37. Organisasjon som arbeide for trafikktryggleik
38. Livd
39. Æ



Løysing Helge-kryssord - 3/22



**Vassrett**
2. God bodskap til oss Sjå Joh. kap 1
10. Jesu tale til folket
13. Ikkje
18. Plutseleg
19. Makte
21. Svimle
22. Kvinnenamn
23. Pronomen
25. Stamfar (GT)

**Loddrett**
1. Dei to første
2. Smelte saman ulike metall
3. Duskregn
4. Topp karakter(gml)
5. Musikkplate
6. Tok snøgt
7. Utsyn
8. Inkluderande arbeidsliv
9. Talet i ein brøk
11. Terge

# BARNAS

## Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!






Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**

## Prikk til prikk



## Vits

– Kor kjem dei våte fotspora på teppet frå?
– Eg veit ikkje. Dei har følgd etter meg heilt sidan eg hoppa i den sølepytten.

## Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
*Teikning: Asbjørn Tønnesen*





# JULEMESSE I BRYNE KYRKJE

**Laurdag 26. november 2022**

Kl 11.00 Salsmesse
Andakt. Elevar frå kulturskulen deltek.
Aktivitetar for barn.
Sal av handarbeid, dekorasjonar, gravpynt, småkaker mm.
Kafé og åretrekning.

Kl 18.00 Julemessefest.
Tale av Kirsten Jæger Fjetland.
Song av Jærklang.
Elevar frå kulturskulen deltek.
"Liten tur til Madagaskar"
v/ Helga Johannessen og Gunhild Lande.
Åretrekning og hovudtrekning.
Kaffi, smørbrød og kaker.

Inntektene går til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid,og til kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Stefanusalliansen.

Velkomen!
Bryne sokneråd

# Velkommen til Innvandrertreff i Bryne kyrkje

Her kan du komme, få nye venner, og få oppleve mangfoldig kultur. Her er det lov å øve seg på å snakke norsk.

Hver tirsdag
Kl. 19:30–21:00

**Datoer for høsten 2022**
30. august (oppstart etter sommer)
6., 13., 20. og 27. september
4., 11., 18. og 25. oktober
1., 8,, 15. og 22. november
6. og 13. desember

NB! Er du nysgjerrig og vil vite mer?

Ta kontakt  med diakon i Time:
Maria Praxedes Slettebø, mobil: 488 96 919



## Misjon som tema på bibelkveldar

Kristen misjonsverksemd er eit brennbart tema i vår tid. Mange meiner at kristen misjon fungerer som kulturimperialisme og undertrykking av ikkje-kristne folkegrupper.
Likevel har kristen misjon hatt eit veldig gjennomslag – især i dei to siste århundra. Afrika er på veg til å bli eit kristent kontinent, og i Søramerika og Asia har kyrkja ekspandert og sett sitt preg på kultur- og folkeliv. Men samstundes lever mange unge kyrkjer under hard motstand og trakassering.
Utfordringane for kristen misjon er mange, og kyrkja sin misjonale innsats er i stor endring. Noko av dette vil me ha fokus på under Bibelkveldane i Bryne kyrkje i haust. Me vil fokusere på misjon ut frå ulike innfallsvinklar, til kunnskap, innsikt, ettertanke og engasjement.

Velkommen!
Sjå Programoversikt under!

# HAUSTFEST

## i Bryne kyrkje


unsplash.com

Sundag
30. oktober
kl. 15.00

Program:

- Ståle Ree kåserer om oppveksten på Bryne på 50- og 60 talet
- Song av Kari Ree
- Innslag av kulturskuleelevar
- Andakt v/diakon Marit Høie Hetland
- Allsong, god mat, kaffi og drøs! Kollekt

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret, tlf: 51770377

**Velkomen!**

Arr. Bryne diakoniutval




# Bibelkveldar 2022

## «Fokus på misjon»

Bryne kyrkje kl. 19:00 — 21:15

Bryne Kyrkja

| Tid | Tema | Foredragshaldar |
|---|---|---|
| 11. okt. | Bibelteologisk oversikt: **Profetane i GT – og Jesus og apostlane si forkynning** | **Jens Olav Mæland** tidl. lærer ved FiH og prest i DnK |
| | **Misjonsvisjonen og Madagaskar** | **Hans Austnaberg** VID/MHS-lærar og tidlegare Madagaskarmisjonær |
| 25. okt | Misjon i ei ny tid: **Globalisering som utfordring til den kristne kyrkja.** | **Kjetil Aano,** tidlegare generalsekretær i NMS |
| | **Norsk misjon i Aust-Afrika** | **Erling Lundeby** tidl. misjonær i Kenya og lærer ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole |
| 8. nov | **Vår utfordring til misjon i dag…** | **Helge Gaard** generalsekretær i NMS |
| | **Misjon og media – utfordring og muligheter.** | **Lars Dahle** leiar for Gimlekollen Mediasenter |




2022 er «Frivillighetens år». Det er også året der me har bevega oss ut av pandemien. Den ramma mange hardt. Eit kjernepunkt for kyrkja måtte innskrenkast til eit minimum: Fellesskapet. Kyrkja som fysisk felles-skap vart eit sakn og måtte finna andre former. Hausten 2022 vil me feira, inspirera og tematisera noko som det var mest utenkeleg å avstå frå. Fellesskap og frivillighet i kyrkja! Kyrkja – eit stort vi!
Bryne sokneråd, dei tilsette og kveldsgudstenestekomiteen har gjennomdrøfta kva tema som skal opp og fram på 4 kvelds-gudstenester. Me har fått gode folk, både til tema og musikk. Bønnestasjonar i regi av Heidi Strand Harboe kjem i gang igjen! Kvar kveld vil også ha ein meditasjon knytta til 4 av dei mest sentrale bileta og metaforane i Bibelen om det kristne fellesskapet.

## Her er programmet:

**28.august: Fellesskap – kyrkja sitt DNA**
Prost Lars Sigurd Tjelle
Musikk: Silje Sandanger
**25 .september: Ei kyrkje av frivillige**
Kulturrådgjevar Ragnhild Halle
Musikk: Ragnhild Thu Austnaberg
**16.oktober: Berekraftig felleliv i kyrkja**
Poet og lærar Heidi Strand Harboe
**20.november: Rom for fellesskap og ulikskap**
Kyrkjelydsutviklar Jostein Tollaksen og soknerådsleiar Ola Undheim: Draumar for Brynekyrkja
Musikk: John Gravdal

Det er veldig gildt om desse kveldane kunne inspirera til å byggja inkluderande fellesskap i kyrkja og gje fleire glade, frie og villige medarbeidarar!

## SUNDAGSTREFF

Denne gudstenesta er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Fleire av dei liturgiske ledda er forenkla, mellom anna med at dei er bytta ut med songar med same innhald. Sundagstreffet består alltid av to bolkar.
Først ei bolk med litt song, ringleik, drøs og mat nede i kyrkjestova kl. 18, før alle går opp i kyrkje-salen for å feira gudsteneste i lag kl. 19.
Sjølv om arrangementet er spesielt tilrettelagt for menneske med utviklingshemming, er sjølvsagt alle som har lyst hjarteleg velkomne, anten de har lyst til å koma på heile arrangementet eller berre på gudstenesta.

**Datoar hausten 2022:**
Sundag 21. aug.
Tysdag 20. sept. - Hausttakkefest i St. Petri kyrkje kl. 18.00. Felles avreise og påmelding.
Sundag 23. okt.
Sundag 13. nov.
Sundag 4. des.

Ser deg i kyrkja!
Helsing frå Torunn, Siri, Kari, Trond og Praxedes








# ØSTOVER
## – PÅ LETING ETTER APOSTLENES ARV

## Kulturkveld
**i Bryne kirke mandag 24. oktober kl 19.00**

med prest og forfatter **Jostein Ørum**
og musiker **Kristin Minde**

Sporene etter misjonsreisene til Jesu tolv apostler kan vi finne i kirkesamfunn som er levende i dag. Mange av disse kjemper en kamp for å overleve i et hardt presset miljø. Hvor vil veien gå videre for dem?

Møtet arrangeres i samarbeid med Stefanusalliansen

stefanus
alliansen

# Vår grøne kyrkjelyd

TEKST: LIV HELENE HÅLAND
FOTO: ROLF HESKESTAD OG ANNE GRETE HOGNESTAD

Det har vore slåttonn på blomsterenga ved Bryne kyrkje. Graset vart slått litt tidleg, før barnehagen starta opp att etter ferien. Sidan graset ikkje fekk tørka heilt skikkeleg dette året, vart det køyrt i silo på Line. - Sikkert nok til to vinterfóra sauer, meinte slåttekarane. Noko frø vart sikkert att etter slåtten, sjølv om det ikkje fekk turka lenge nok. Artsrikdommen vil dei ta vare på og auka med å samla meir frø, så neste sommar blir kyrkjebakken kanskje endå rikare på blomster!

I haust vil det bli tydeleg markert at Bryne kyrkjelyd ynskjer å vera ein Grøn kyrkjelyd. Me planlegg fleire spanande arrangement som de bør leggja inn i kalenderen med ein gong. Det vil koma nærmare informasjon på heimesida (brynekyrkja.no) når tida for det einskilde arrangementet nærmar seg.

Måndag 26. september:
Minikurs i vegetarisk matlaging
Onsdag 26. oktober:
Temakveld v/Alois Strassegger.
Tema: ØKOLOGI - på lag med skaparverk og Kristustru
Laurdag 12. november:
Bytemarknad i Bryne kyrkje


Slåttekarane i sving, frå v. Rolf Heskestad og Oddmund Line Hognestad


Høyet på veg til silo på Line

## JULEMESSE FOR NLM PÅ FOTLAND BEDEHUS

**Fredag 25.nov kl 19.00:**

Møte. Varesal og kafé. Kveldstrekning

**Lørdag 26.nov kl 11.00:**

møte Varesal og kafé. Åresal

**Lørdag 26.nov kl 13:30:**

Familiemøte Åresal, Barnebasar og hovedtrekning

Talar på alle møta er Magne Birkedal

**Minnegudsteneste i Time kyrkje**
**sundag 06. november 2022 kl. 19.00**

## VELKOMEN

Du som har mista ein av dine i året 2021



Namnet på den som har døydd frå dykk vil bli lese opp.
Det blir og musikalske innslag og lystenning.

**Dei som deltek på gudstenesta er:**

- Prest: Yngvar Nilsen
- Diakon: Praxedes U. Slettebø
- Organist: Frode Skårland
- Songgruppe: Shalom
- Lysinstallasjon: Ragnhild Aalgaard

Gudstenesta er felles for Bryne, Time og Undheim sokn
Arr. Time diakoniutval

## STRIKKEKAFÉ

Følgande torsdagar kl 1930 vert det strikkekafé på forsamlingshuset:

**Haust 2022:**
15.september, 27. oktober og 24.november
**Vår 2023:**
19. januar, 16.februar og 16.mars



# Salmekveld

### Time kyrkje
### søndag 2.oktober kl.19.00

Velkommen til ein kveld der me syng saman frå salmeboka!



**Medverkande:**

Ragnhild Hanssen med gruppe
Songgruppa Shalom
Blandakoret Jærklang
TOKT
Yngvar Nilsen syng og fortel

SJØMANNSKIRKEN
Norsk kirke i utlandet

## Time Sjømannskirkeforening

**har basar i Bryne kyrkje 21. okt 19.00.
Jeffrey Huseby og Jærklang blir med.
Kaffe og kaker, allsang og loddsalg.
Velkommen.**

**Fredagskveld på Kyrkjetorget
Time kyrkje**

**11.nov** kl. 20-22

Kveldens gjester: Dortea og Inge Haugland

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

## VAKSENFEST
## 12. november kl. 19.00



Velkommen til vaksenfest på Lye forsamlingshus!
Det blir god mat, fellesskap, musikk, humor og alvor.

Festtalar: Anne Berit Mathisen
Lått og løye: Uppstad og Waade

Ta med ein ven og kom!

Pris: kr. 250,- pr. prs.
Påmelding på www.lyeforsamlingshus.no innan 6. november.


Gi til NMS – få skattefradrag!
Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

# Velkomen til Allehelgensprogram 5. november med «Open kyrkje» i Time kyrkje.

Kyrkja er open kl. 11.00 - 14.00.
Program i kyrkjesalen kl.12:00 - 13:00

Tenn eit lys:
Dagen før Allehelgens-sundag er ein dag då mange kjem til kyrkjegarden for å minnast dei som er gått bort.
Difor vil me denne dagen halda kyrkja open slik at alle som ønskjer det, kan få lov til å bruke henne.
Ein kan få sitja for seg sjølv i ro og ettertanke; med eigne tankar og minne.
Me er tilgjengelege for samtale for dei som ønskjer det.
På kyrkjetorget, dvs. i tilbygget til kyrkja, vil me ha ei ”varmestove”.
Her kan du få ein kopp kaffi og litt å bita i. Me har laga til eit bord der du kan tenna eit lys og minnast dei som har gått bort.
Det vil og vera eit bord med litteratur som kan vera til hjelp.

Ord og tonar til håp og trøyst:
I løpet av den tida kyrkja er open, vil det vera ein times program: kl. 12.00 - 13.00.
Det vert med diktlesing ved Heidi Strand Harboe og Orgelmusikk ved Per Olav Egeland.
Tema for samlinga er ”Ord og tonar til håp og trøyst”.



Arr. Time diakoniutval

**Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!**

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

# Hulda Garborgs veg

Hulda Garborgs veg går parallelt med vegen som har fått namn etter mannen Arne, og som er mykje lengre. Det kan ein forstå, sidan Arne er vår lokale stordiktar, medan Hulda kom frå Hedmark.
Men når me skal sjå på kva som står att etter dei, vert det ein jamnare kamp. For havet av bunader på 17. mai er framfor alt Huldas verk. Ho studerte og sette i system dei norske bygdedraktene, og ivra for at dei skulle koma i bruk att.
På same måten arbeidde ho for folkedans, folkeviser og tradisjonelt norsk kosthald. Ei anna hjartesak var teater, og saman med Arne gjekk ho i spissen for å få etablert Det Norske Teatret i Oslo i 1913. Teateret, som spelar på nynorsk og dialekt, er blant dei fremste i landet.
Hulda skreiv også ei rekkje romanar, fleire av dei med ein radikal kvinnesakstendens som skapte debatt.
Hulda Garborg var fødd i 1862 og døydde i 1934. Ho var visstnok ikkje så glad i å vera i Knudaheio, men ho er hauglagd der saman med Arne. På plata hennar står det: «Gjev meg eit rom i ditt fang, Noreg mi mor som eg elskar».



Bilete: Hulda Garborg med sonen Arne Olaus («Tuften») cirka 1889. Han var det einaste barnet Hulda og Arne fekk. (Foto: Ukjent)





## DØYPTE

**BRYNE KYRKJE**
19.06.2022: Othilie Haugstad Eliassen, Mathias Sirevaag Ree
26.06.2022: Herman Aase Gya
24.07.2022: William Wetteland Ånestad, Andreas Behram Sirevaag
07.08.2022: Agnes Efteland
21.08.2022: Vilje Sikveland

**TIME KYRKJE**
21.05.2022: Luca Braut Andersen, Theodor Berge Edland-Henriksen, Sara Fløysvik Herrem, Viljar Haugland Kindingstad, Maren Berge Nesse, Ludvik Skretting Sørensen, Malin Natterøy Thorkildsen
22.05.2022: Mille Eiane Garpestad, Henrik Husebø Jacobsen, Floke Stokkeland-Hegre
02.07.2022: Fredrik Aasland Hammervold
03.07.2022: Alexander Helbostad Haus, Aiden Robert Lea-Whiteley, Sofie Lode
14.08.2022: Telma Haugstad Gausland, Alma Horpestad Goa, Lio Nærland, Saga Alba Grødem Salte

**LYE FORSAMLINGSHUS**
21.08.2022: Dexter Nevøy-Sørli

**UNDHEIM KYRKJE**
15.05.2022: Hølje Egeland
26.06.2022: Maiken Undheim
31.07.2022: Maia Dagestad Tunheim

**BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER**
12.06.2022: Hugo Berge, Anna Hovland Nevland (Brekko kapell)
19.06.2022: Benjamin Andersson-Holmen (Frøyland og Orstad kyrkje)



## VIGDE

**BRYNE KYRKJE**
25.06.2022: Siril Schei og Tom Wohlrab
09.07.2022: Eli Katrine Selvig og Jan Erik Vigrestad

**TIME KYRKJE**
14.05.2022: Eirik Horpestad Helseth og Supansa Phongphaew
21.05.2022: Ingvild Garborg og Henrik Borlaug
28.05.2022: Susanne Efteland og Tor Sigve Horpestad
04.06.2022: Kjerstin Marlene Frøyland og Morten Grødem
17.06.2022: Helene Mjølsnes og Håvard Haugland
18.06.2022: Lene Thorvaldsen og Daniel Vestly, Camilla Tjessem og Glenn Nevland
25.06.2022: Monica Indrebø og Roger William Holenbakken Olsen, Elin Caroline Bore og Eirik Ekholt Iversen
02.07.2022: Camilla Aasland og Erik Skretting Hammervold
16.07.2022: Inger Johanne Løklingholm og Mathias Fasseland
30.07.2022: Maria Christina Fjermestad og Vegard Aarbø, Jenny Kieu Bui og Johan Siqveland
13.08.2022: Hege Petersen og Sigurd Gramstad
20.08.2022: Pia Gya og Rune Mellemstrand

**UNDHEIM KYRKJE**
18.06.2022: Karen Undheim og Jon-Kaspar Bjørge
02.07.2022: Anmari Buaban og Kristian Taksdal

**VIGSEL ANDRE STADER**
14.05.2022: Ann Kristin Madland og Christian Flornes, Haugland
18.06.2022: Tone Høgli og Frode Waldeland, Fritz Røed skulpturpark
25.06.2022: Helene Lerbrekk og Geir Atle Undheim, Drivhuset bageri og gårdsutsalg



## DØDE

Synnøve Solli
Gunvor Martha Fritzner Bertelsen
Terje Arthur Johannes Barvik
Unni Halvorsrød
Reidar Nedrebø
Judith Cornelia Tegle
Sander Berntsen
Trond Lye
Karen Vestly
Torny Salte
Astrid Risa
Ragnar Mathias Wefring
Brita Undheim
Amund Tunheim
Agna Rugland
Tor Reidarson Salte
Elsa Reidun Andersen
Annfinn Garpestad
Camilla Dalseid
Per Håland
Ingfrid Lillian Serigstad
Lindy Idar Håland
Kari Høyland Hagen
Kristian Lunde
Rebecca Furumo
Ove Veka
Jan Terje Gjerdevik
Knut Tore Vorre
Hans Inge Madland
Kåre Villagutt Lothe
Tor Sigmund Tjelta
Karl-Johan Kverneland
Alf Frøyland
Kåre Taksdal
Jomar Netland
Svein Helge Skjørshammer
Liv Synnøve Søyland
Torbjørg Eskevik
Violetta Kokes
Christen Øygard
Kirsten Vikedal
Ingebreth Mossige
Audun Voll

KROGEDAL
begravelsesbyrå
51 97 29 00
DØGNVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

3.GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

# Sorgstøtte-grupper

**Kyrkja sitt tilbod til etterlatte**

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne:
marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim:
praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på
tlf. 51 77 03 77

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes
51 61 04 00
Hele døgnet
*Hanne Brit Sandsmark*
*og Møyfrid Hersdal*

www.novabegravelse.no





Jær Tannlegene
Heidi Bøe Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800

Jæren Gulv AS
Maler- og gulvarbeid
www.jaerengulv.com

Varme & velvære entusiast
REIME
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180

Bonde Kompaniet
Butikk i Jupitervegen 4,
4340 Bryne. Tlf. 480 10 878

TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig

eikhi

jæren sparebank

nye JÆREN KABELNETT
Lokal og best på pris

container utleie
Renovasjons-service as
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44

Rogalandshus

PRIVATMEGLEREN
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

REMA 1000
Håland

Bøgh Hafsø a/s
Egersund

Alt innen datahjelp
-hjem på døren
til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it

SpareBank 1
SR-BANK

haver
Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50

EL-TEAM
Elektroentreprenør
autorisert elinstallatør
elkonor
medlem av
Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

Vår kompetanse - din trygghet
SjekkPunkt
BILVERKSTED
www.sjekkpunkt.no
4000 6447
LYE BIL AS
Prestegardmarka 1
4340 Bryne

aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no

DEN NORSKE KYRKJA

Velkomen til
gudsteneste









Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 951 25 002
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

# GUDSTENESTER I SEPTEMBER OG OKTOBER

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Laurdag 17. september** | | | |
| Time kyrkje | 15.15. | Dåpsgudsteneste | Dåp |
| **Sundag 18. september** | | **15. sundag i treeiningstida** | **Joh 15, 9 – 12** |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Nattverd. Sundagsskule |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudsteneste for store og små | Dåp |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Konfirmantpresentasjon Jungelgjeng |
| **Sundag 25. september** | | **16. sundag i treeiningstida** | **Matt 11, 16 – 19** |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp. Sundagsskule Hausttakkefest |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste med familiefokus | 4-årsbok |
| Bryne kyrkje | 19.00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd |
| **Sundag 2. oktober** | | **17. sundag i treeiningstida** | **Mark 5, 35 – 43** |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Sundagsskule |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudsteneste for store og små | Nattverd. Hausttakkefest |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste for store og små | Dåp. Hausttakkefest. Misjonstivoli |
| **Sundag 9. oktober** | | **18. sundag i treeiningstida** | **Mark 1, 40 – 45** |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp. Nattverd. Jungelgjeng |
| **Sundag 16. oktober** | | **19. sundag i treeiningstida** | **Luk 9, 57 – 62** |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudsteneste | Nattverd. Sundagsskule |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Sundagsskule |
| Bryne kyrkje | 19.00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd |
| **Laurdag 22. oktober** | | | **Luk 9, 57 - 62** |
| Time kyrkje | 15.15 | Dåpsgudsteneste | |
| **Sundag 23. oktober** | | **20. sundag i treeiningstida** | **Matt 18, 1 – 11** |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp. Sundagsskule |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste for store og små | Nattverd. |
| Bryne kyrkje | 18.00 | Sundagstreff | |

FULLDISTRIBUSJON

# Velkomen til kyrkje

**Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.**

Velkomen til
gudsteneste









Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 951 25 002
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

## GUDSTENESTER I OKTOBER OG NOVEMBER

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sundag 30. oktober** | **Bots- og bededag** | | **Luk 15, 11 – 32** |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Sundagsskule |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudsteneste for store og små | Dåp |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Bønevandring og skriftemål. Jungelgjeng |
| **Sundag 6. november** | **Helgemessesundag** | | **Luk 6, 20 – 23** |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Nattverd. Jungelgjeng |
| Time kyrkje | 19.00 | Minnegudsteneste | |
| **Sundag 13. november** | **23. sundag i treeiningstida** | | **Matt. 24, 35 – 44** |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudsteneste | Nattverd. Sundagsskule |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Nattverd. Sundagsskule |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp. Jungelgjeng |
| Bryne kyrkje | 18.00 | Sundagstreff | |
| **Sundag 20. november** | **Kristi Kongedag** | | **Joh 9, 39 – 41** |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp. Sundagsskule |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste med familiefokus | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 19.00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd |
| **Sundag 27. november** | **1. sundag i advent** | | **Matt 21, 1 – 11** |
| Lye forsamlingshus | 10.30 | Gudsteneste | Sundagsskule |
| Undheim kyrkje | 10.30 | Gudseneste | Sundagsskule |
| Bryne kyrkje | 18.00 | Lysmesse | |

